



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1535-2

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	10.09.2025	

Etablering av lynlader for el-bil på Dalen - prinsippvedtak

Saksframlegg godkjent 28.08.2025.

Tone Lunde Skaalen
kst. kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Etablering av lynlader for el-bil på Dalen - prinsippvedtak

Bakgrunn for saka

I dag har vi ein ladestasjon for el-bilar på Dalen. Den ligg ved brygga og har ein kapasitet på 50kW. Det er etterspurnad etter betre ladetilhøve på Dalen. Dette har kome fram gjennom ei spørjeundersøking som er gjort av reiselivet ved hjelp av Visit-Telemark.

I samband med dette har Eviny sendt eit budsjettforslag for etablering av nye ladepunkt i Dalen sentrum. Prosjektet vil inkludere bygging av ein ladestasjon med kapasitet for fire bilar samstundes, og med moglegheit for utviding. Det må settast opp ny nettstasjon og etablerast ladeuttak. Totalkostnaden for prosjektet er estimert til 2,5 millionar kroner.

Det har tidlegare vore diskutert ulike plasseringar på Dalen, men det er ikkje avgjort kor det skal plasserast. Eviny som tilbyr denne ladestasjonen har fått strengare krav til lønnsemd i sine prosjekt. Prosjektet på Dalen er såpass lite at det er i ferd med å falle ut av prioriteringslista deira. For at vi framleis skal vere aktuelle for Eviny er det viktig at kommunen gjer eit prinsippvedtak på at vi støyr prosjektet for å få det på plass. Saka gjeld no berre eit prinsippvedtak for prosjektet, og vi kjem attende med ei ny sak når ein har alternativ for plassering.

Saksutgreiing

Behovet for fleire ladepunkt på Dalen har vore eit tema i samband med aukande trafikk av elbilar, særleg i høgsesong. Visit-Telemark si undersøking avdekka eit klart ønske frå både innbyggjarar og turistar om betre tilgjengelegheit på ladepunkt. Dagens tilbod med ladepunkt ved bryggja er ikkje tilstrekkeleg, særleg om sommaren når trafikken er på sitt høgaste.

Eviny har sendt inn eit budsjettforslag der dei skisserer eit prosjekt for å etablere to ladarar i sentrum med kapasitet til å lade fire bilar samtidig. Dei foreslåtte ladarane har ein effekt på 200 kW, som er tilstrekkeleg for dagens elbilpark, men ladarane kan oppgraderast til 500 kW i framtida om det blir nødvendig. Eviny føreslår også å klargjere anlegget for ein ekstra ladar dersom kapasiteten vert for liten i framtida.

Totalkostnaden for prosjektet er estimert til 2 551 180 kroner, der Eviny dekker 1 051 180 kroner under føresetnad av at det vert innvilga støtte på 1,5 millionar kroner.

Eviny vil bidra med 1 051 180kr, men dette er avhengig av at dei mottar støtte på 1,5 millionar frå kommunen.

Etablering av ein ny ladestasjon i Dalen sentrum vil ikkje berre dekke behovet for fleire ladepunkt for elbilar, men også ha positive ringverknader for det lokale næringslivet. Som ein del av den grøne omstillinga aukar elbiltrafikken både blant innbyggjarar og tilreisande, og tilrettelegging for dette vil styrke Dalen som eit attraktivt reisemål. For næringsdrivande i sentrum, som butikkar, kafear, hotell og andre tenesteytarar, kan dette bety auka trafikk, lengre opphald og auka omsetnad.

Konklusjon

Med bakgrunn i den aukande etterspurnaden etter ladepunkt i Dalen og den potensielle trafikkauken som følgje av fleire turistar og elbilar, er det naudsynt å auke kapasiteten for lading i sentrum. Eviny sitt forslag til etablering av nye ladepunkt i sentrum vil møte desse behova, men prosjektet vil krevje ein vesentleg investering på 2,5 millionar kroner. Med støtte på 1,5 millionar kroner vil prosjektet kunne gjennomførast med Eviny som hovudinvestor.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunen støttar søknaden om støtte på 1,5 millionar kroner for å sikre gjennomføring av prosjektet.

Finansiering blir frå disposisjonsfondet.